



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

16/1682-42/GBNR - 38/500, FA - L12, HistSak -
12/2560, KOM - 1259, PLANID - 125919960001/ØLU

Dato:

14.03.2018

Offentleg ettersyn. Områdereguleringsplan - Rong senterområde.

Offentlege instansar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vert områdereguleringsplan for Rong senterområde (planId 20020001) lagt ut til høyring og offentleg ettersyn etter første gongs behandling i Utval for drift og samfunnsutvikling 15.02.18, sak 8/18.

Det er gjort mindre justering av planmaterialet i etterkant.

Totalt areal på planområdet er 619,8 dekar.

Forslag til områdereguleringsplan består av :

- plankart i målestokk 1:1000, datert 02.03.18
- reguleringsføresegner, sist revidert 02.03.18
- planskildring, datert 02.03.18

Hovudføremålet med planen er fortetting og vidareutvikling av kommunesenteret på Rong. Området skal få tydelegare tettstadspreg med miljøgate og eit tettare utbygd sentrum. Rong skal vere eit kommunalt servicesenter med eit mangfald av funksjonar og aktivitetar. Områdereguleringsplanen skal leggje til rette for stadutvikling som i større grad knyter seg mot sjøen og tilgrensande grøne kvalitetar.

Planen i målestokk 1:1000 med føresegner og planskildring, og andre sentrale dokument i saka, er lagt ut på Øygarden kommune sin heimeside under høyringar/kunngjeringar.

<https://www.oygarden.kommune.no/>

Merknadar til reguleringsarbeidet kan rettast til Øygarden kommune, Teknisk plan og forvaltning, Ternholmvegen 2, 5337 Rong innan 01.06.18. Eller pr. e-post til

postmottak@oygarden.kommune.no.

For vurdering av innkomne merknader ved oppstart: Sjå saksframlegg.

Saksbehandlar svarer gjerne på spørsmål.

Informasjonsmøte

Det vil verte halde ope informasjonsmøte om planen på Øygarden rådhus den 22.03 kl. 18.00.

Med helsing

Øyvind Lunde
einingsleiar teknisk plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Vedlegg:

Områdereguleringsplan Rong senter

Gnr/bnr 38/500 m.fl. Rong senterområde - områderegulering - plankart

Føresegner 02.03.2018

Planskildring 02.03.2018

Vedlegg_Sentrumsdialog_KDP Rongøy (L)(207886)